

Fire gode grunner til å si Nei til EU

For å bli en slagkraftig organisasjon også i årene som kommer, trenger Nei til EU flere medlemmer. For å få det til trenger vi hjelp fra våre medlemmer.

Her er fire argumenter dere kan bruke for å få folk til å bli med i Nei til EU:

1, Folkestyre:

Skal vi sikre suverenitet og folkestyre, må vi stå utenfor EU. I EU overføres stadig flere av de viktigste avgjørelsene fra medlemsstatene til EU. Innbyggerne har liten oversikt over hva som skjer bak lukkede dører i Brussel.

2. Solidaritet:

Utenfor EU kan vi føre en solidarisk handels- og bistandspolitikk. I EU kuttes u-hjelpen, og fattige land presses til å inngå urimelige frihandelsavtaler, til fordel for EUs vekst.

3. Handlefrihet:

Utenfor EU kan Norge være en selvstendig stemme i utenriks-politikken. I EU ensrettes utenrikspolitikken, og EU snakker stadig oftere med en stemme, for eksempel i FN. EU har også fått en egen utenriksminister.

4, Miljø:

Utenfor EU kan vi fronte en egen miljøpolitikk i internasjonale fora.

I EU har økt økonomisk vekst førsteprioritet. Dette lar seg ikke kombinere med FNs klimamålsettinger. EU er for lite for de store klimaproblemene, og for stort for de små.

Hvem kan dere få med?

Snakk med familiemedlemmer, venner og arbeidskolleger.

Hvordan kan man bli medlem?

SMS:

Send NEITILEU navn og epost til 2090.

Epost:

Skriv til medlem@neitileu.no
På hjemmesiden: neitileu.no.
Medlemskap koster kr 200 første året, ungdom kr 50.

Dette er Ungdom mot EU i Hordaland

Hordaland står sterkt i Ungdom mot EU. Vi hadde i fjor 100 betalende medlemmer, og selv om aktiviteten har vært nede på grunn av pandemien har vi på papiret to lag i fylket: Hordaland UmEU og Bergen Studenter mot EU. I tillegg er vi så heldige å ha to sentralstyremedlemmer: Thomas Helland-Hansen som er nestleder, og Rasmus Madsen Berg som er styremedlem.

Thomas er politisk nestleder i organisasjonen, og kommer fra Bergen. Han har bakgrunn fra bl.a. Sosialistisk Venstreparti og Norsk Tjenestemannslag, og har også jobbet for Framtiden i våre hender. For tiden studerer Thomas sammenliknende politikk

på Universitetet i Bergen. Han er opptatt av et sterkt arbeidsliv, klima- og miljøkamp og styrking av demokratiet.

Rasmus er nestleder i Hordaland UmEU og sentralstyremedlem. Han går siste året på videregående i Bergen, og jobber som fylkessekretær i Vestland Sosialistisk Ungdom. Han har bl.a. vært med på å arrangere klimastreikene i Bergen og 1. mai-aksjoner med LO, og er ellers opptatt av mediepolitikk, demokratisering og en solidarisk flyktningpolitikk.

Bergen har tradisjonelt hatt mange unge og aktive EU-motstandere, og vi håper at samarbeidet med Hordaland Nei til EU kan hjelpe oss på veien til å øke medlemstallet. Vi har vært på i media det siste året og jobber hardt for å være synlige. I 2021 ønsker vi å løfte folkestyre som sak og vise fram alle fordelene vi har ved å ikke være en del av EU. Vi vil snakke om fiske, vi vil snakke om levende kystsamfunn og nærhet mellom de som tar beslutninger og de som påvirkes av dem.

Vi er stadig på utkikk etter nye aktivister, enten de bor i Bergen, i Odda, Fedje eller Stord, og det er bare å ta kontakt!

Thomas Helland-Hansen
Rasmus Madsen Berg

Lokallag og lokallagskontakter

I Hordaland har me berre tre lokallag: Alver, Askøy og Bergen. Ullensvang har hatt lag men har bestemt seg for å leggja ned.

I nokre kommunar har me det me kallar lokallagskontakter. Då har me ein eller to medlemmer i kommunen som me kan kontakta.

Me ynskjer oss sjølsagt fleire lokallag, men i særdeleshet fleire lokallagskontakter. Så om der er ein, to eller tre medlemmer som vil melda seg, set me pris på det. Eller om du veit om eit medlem i din kommune som du vil anbefala, så kan me kontakta vedkommande. Sjølv om der er lokallagskontakter i enkelte kommunar allerede, kan alle kommunar tåla fleire. Så det er berre å melda frå, uansett kva kommune du bur i.

I Hordaland er me så heldige å ha god økonomi og har hatt høve til å invitere med oss lokallagskontakter og tillitsvalde i lokallaga på kurs, konferansar og landsmøte. Når koronapandemien berre legg seg litt, vonar me at slike tider kjem tilbake.

Vil du melda deg som lokallagskontakt? Eller vil du veta meir? Send oss ein e-post på hordaland@neitileu.no eller kontakt underteikna Hildur Straume på mob 415 70 511.

Hildur Straume

Medlemsbrev

Hordaland Nei til EU

Nr 1 2021, Mars



Handelsavtalen frå 1973 – eit godt utgangspunkt for å diskutera alternativ til EØS-avtalen.

Brexit-avtalen har sett fart i debatten om EØS-avtalen vår, og det har gjeve òei-sida fornøye inspirasjon i arbeidet med å få vurdert alternativ til avtalen. Realiteten er den at me alt har ein frihandelsavtale. Den vart signert i mars 1973, knappe 7 månader etter at folket sa nei til medlemskap i 1972. Mange hadde meint at det ville vera nærast umogeleg å få til ein avtale med EF (EEC) dersom folket sa nei. Men som mange andre av dei dystre spådomane frå ja-folka, slo heller ikkje denne til. Avtalen tente oss godt fram til EØS-avtalen kom på plass i 1992, og tredde i kraft i 1994. Etter dette har handelsavtalen knapt vore nemnt.

EØS-avtalen kan seiast opp med 12 månaders varsel, dette er regulert i artikkel 127 i avtalen. Artikkel 120 seiast dersom avtalen vert sagt opp, skal frihandelsavtalen igjen regulera handel-

en mellom Norge og EU. I tillegg vil me ha WTO.

Frihandelsavtalen har vore oppdatert jamleg. Den er ikkje fullstendig, m.a. inneheld den ikkje tenestedelen som EØS-avtalen har. Likevel bør denne avtalen dannast eit godt grunnlag for dei forhandlingane som automatisk skal startast opp dersom Norge seier opp EØS-avtalen.

Dette gjev håp. Storbritannia som valde å gå ut av EU, fekk til ein handelsavtale trass alle dystre spådomar om at det ikkje ville vera mogeleg. Vår tilknytning til EU er noko heilt anna enn medlemskap. Me må ha grunn til å tru at det er lettare å revurdera karakteren på ein avtale som alt ligg føre. Me vil det same som Storbritannia: ein avtale med EU som ikkje inneber at viktige lover og politikkutforming skjer i Brussel, men faktisk i eige land. Dette vil ikkje rokka ved det å vera ein

del av Europa og verda elles. Internasjonalt samarbeid skal ikkje vera avhengig av å måtta underkasta seg andre land sin politikk.

Toril Mongstad

Medlemsbrev - Nytt koronatiltak fra styret i Hordaland Nei til EU

I disse koronatider er det vanskelig å organisere medlemsmøter og studiemøter. Derfor har styret bestemt å gi ut et medlemsbrev med ujevne mellomrom. Vi vil informere om aktuelle saker som gjelder Nei til EU og vårt forhold til EU- og EØS-avtalen. Dette er andre medlemsbrev. Det første kom like før jul. Alle artiklene her er skrevet av styremedlemmer Hordaland nei til EU, og står for deres egen regning. Vi tar gjerne imot innlegg fra andre.

Etterlysing: Me vil gjerne ha e-postadressa di!

Gode medlem!

Litt før dette medlemsbrevet sender me ut innkalling til fylkesårsmøtet til alle me har e-postadresse til. Dersom du ikkje har fått ein slik e-post, har vi ikkje e-postadressa di registrert i medlemsregisteret. Får me den, vil fylkeslaget spare pengar og du vil få meir info frå Hordaland Nei til EU; som du no går glipp av. Du vil likevel ikkje bli rent ned av e-postar frå oss. Viss du ikkje kan hugsa å ha fått sms-ar frå oss, vil me gjerne ha mobilnummeret ditt også. E-postadressa og mobilnummeret kan du senda til 90026044 eller til hordaland@neitileu.no

Beste helsing oss i fylkesstyret i Hordaland Nei til EU

Pandemi og samarbeid med EU

Norge har satsa alle kort i arbeidet med å få vaksiner på samarbeid med EU. Så langt står dette fram som ein litt tvilsam strategi. Me manglar vaksiner, og me ser at land utafor EU klarar seg betre i kampen om å få nok leveransar. I Klassekampen 2. februar har Ole Dahle Kvaldheim ein interessant kronikk om eit tema som kan ha vore med på å seinka leveransar til EU, og følgeleg til vårt eige land. EU har kravd at aktuelle legemiddelfirma sjølve skal ta all risiko for eventuelle biverknader av vaksinen. Kort fortald inneber det at EU har kjøpt forsikring slik at landa sjølve ikkje skal måtta ta denne kostnaden. I utgangspunktet kan dette sjå greitt ut. Men kva har det ført til: vaksinene vert dyrare

og produsenten kan føretrekkja å levera meir, og tidlegare, til land som ikkje krev denne forsikringa. Det å kjøpa seg fri for forsikring vil og i neste omgang gjera det verre for kvar enkelt som måtte oppleve biverknader av alvorleg karakter, og som av den grunn vil krevja erstatning. Storbritannia, no utafor EU, har sikra seg eit heilt anna leveranseprogram. Me er også utafor EU. Det er all grunn til å spørja kvifor me ikkje har handla sjølvstendig i denne alvorlege og viktige saka. Å følgja EU i eitt og alt kan visa seg å vera svært lite lurt.

Meir om dette her: <https://neitileu.no/aktuelt/eus-tregevaksinestrategi>

Toril Mongstad

Kontaktinfo Hordaland NtEU:
www.neitileu.no/fylke/hordaland
e-post: hordaland@neitileu.no

Styremedlemmer:

Gunnar Rutle, fylkesleder

e-post: gunnar@rutle.net

Tlf. 992 55 590

Toril Mongstad, nestleder/sekr

Sigmund Simmenes, AU-medlem

Hildur Sraume, kasserer

Anna U. Nordlund, kvinneansv.

John Dale

Alexandra Jæger Kanney

Oddvar Skre

Varamedlemmer:

Ivan Tubez

Frode Mannsåker

Klimapolitikken i Norge og EU

Norge er rikt på fornybar energi, særleg vasskraft, noko som har gitt norsk industri eit konkurransefortrinn. Men olje- og energisamarbeidet med EU gjennom EØS-avtalen, som omfattar bygging av fleire kraftkablar, ein felles energimarknad og eksport av fornybar energi, har svekka dette fortrinnet og lagt press på miljøet. EU sitt energibyrå ACER flytter styringa av norsk energipolitikk vidare bort frå Stortinget til ikkje-folkevalde organ i EU. Bygginga av kraftkablar til EU og Storbritannia, særleg den planlagte NorthConnect til Skottland legg dessutan press på norsk natur gjennom vindparker på land og fleire vasskraftverk. Særleg skadeleg er den såkalla effektkjøringa av vasskraftverk, og vindmølleparker i område med stor fuglebestand og friluftinteresser. I tillegg til skadene på miljøet undergrev denne utbygginga grunnlaget for norske industriarbeidsplassar på land, fordi kablane og ACER vil pressa straumprisane oppover og gjera den kraftkrevande industrien mindre lønsam. Nei til EU går difor inn for at Norge byter ut EØS-avtalen med ein tosidig han-

delsavtale, for å ta tilbake kontrollen over eigen politikk og gi rom for alternativ til EU sitt kvotesystem. Vidare må Norge nytta reservasjonsetten mot EU-direktiv som hindrar ein ambisiøs klimapolitikk.

Norsk tilknytning til EU sin klimapolitikk

EU hadde som mål i 1990 å redusera CO₂-utsleppet med 20% kutt innan 2020, dette ser dei ut til å nå grunna finanskrisa (og koronakrisa). EU sin nye klimapolitikk grunnar seg på 40% kutt i ikkje-kvotepliktig sektor av CO₂-utsleppet innan 2030, derav 27% som fornybar energi, og 50% kutt innan 2050, relativt til utsleppet i 1990. Men berre 55% av EU sine samla utslepp er ikkje-kvotepliktige, dei resterande 45% fell inn under kvotesystemet, der den frie marknaden avgjer. Stortinget har bestemt at norske klimakutt fram til 2030 skal dekkjast av ikkje-kvotepliktig sektor. Dette blir altfor lite ambisiøst, for EU og Regjeringa legg opp til at kutt i ikkje-kvotepliktig sektor ikkje skal skje nasjonalt, altså at kuttet skal skje gjennom kjøp av klimakvoter

og -tiltak i andre land. Dette vil forseinka overgangen til eit samfunn utan olje («Det grønne skiftet»). Til samanlikning går Naturvernforbundet inn for nullutsleppssamfunn i 2040 («Fossilfritt Norge 2040») Her meiner Nei til EU at Norge må vera eit eksempel og påverka EU til å skjerpa sine mål, i staden for å vera ei klima- og miljøsinke.

Kvotesystemet fungerer ikkje i tider med økonomisk nedgang, fordi tilbodet av kvoter blir halde konstant oppe i staden for å bli redusert når eit europeisk land innfører klimakutt, noko som fører til at prisane blir pressa nedover fordi fleire kvoter blir frigjort på marknaden. I dag står kvotesystemet som eit hinder for reelle europeiske klimakutt. Etter at EØS-avtalen blei innført i 1994, har Norge stort sett følgd EU i klimapolitikken, der kvotesystemet er det viktigaste verkemiddelet. Dette har ført til at Norge har fråskrive seg ansvaret for klimaet i vår del av verda. EØS-avtalen inneber generelt forbod mot statsstøtte til bedrifter - med unntak av miljøvennlige bedrifter, eit unntak som blir meir og meir uthola, og handlingsrommet blir mindre.

Samferdsel

Transport står for ein stor del av klimagassutsleppa, og for å nå togradersmålet trengst det ei storstilt satsing på jernbane og kollektivtrafikk. Her står EU og EØS-avtalen som eit hinder for ei klimavenleg utvikling. Såleis har EU sine direktiv i det siste gått i retning av meir ansvarsspreiing og privatisering av jernbanen. Gjenom Jernbanepakke IV og tidlegare jernbanedirektiv blir Norge tvunga til å overlata store deler av ansvaret for utvikling, vedlikehald og drift av jernbanar til private aktørar, noko som vil føra til ein dårlegare, dyrare og meir utrygg jernbane. Dette er ikkje vegen å gå dersom vi vil ha ein større del av person- og varetransporten over på kollektive transportmidlar. I Storbritannia har regjeringa no vedteke å overta kontrollen over jernbanen.

Internasjonalt klima- og miljø samarbeid

Det er viktig at Norge og EU samarbeider om klima og miljøtiltak. Men det skal ikkje hindra Norge i å vera pådrivar i klimakampen. Eit eksempel er bruken av palmeolje som råstoff for biodrivstoff, der EU-parlamentet nyleg vedtok at den skulle fasast ut først om 12 år. Regnskogfondet har rekna ut at 45 000 km² med regnskog og torvmyr kan bli øydelagt på grunn av palmeoljeproduksjon, tilsvarande eit utslepp på 7 mrd tonn CO₂. Dersom Norge held fram som EØS-medlem, er det vanskeleg for Norge å tala med eiga stemme i internasjonale fora, dersom EU utviklar seg til ein forbundsstat, slik det er snakk om. Klimaendringane er det største problemet verda står ovanfor. Vår livsform er bygd på fossil energi, og å gå bort frå det vil radikalt endra måten vi lever på. Nei til EU meiner at politiske saker skal avgjerast så nær folket som råd. Når klimaspørsmålsmål blir flytta bort, blir det vanskelegare for folk å påverka miljøpolitikken, i staden for at den burde forankrast lokalt. Denne forankringa blir ikkje skapt ved å flytta politikken ut av Norge, men av ein kunnskapsbasert debatt der sivilsamfunnet har sjanse til å påverka. Norske politikarar må kunna stillast til ansvar for norsk klimapolitikk og ikkje få skyva ansvaret over på EU.

Oddvar Skre

Invitasjon til fylkesårsmøtet 2021

Tid: 18. mars kl 18.00 – 21.00.

Stad: Digitalt på Teams.

Alle medlemmer er velkomne til å delta.

Forslag til årsmøte må sendast til fylkesstyret innan 20. februar på e-post: hordaland@neitileu.no.

Påmelding: Innan 13. mars på telefon til Toril Mongstad mob. 90026044 eller til hordaland@neitileu.no.

14. mars vil me sende deg lenke og meir informasjon om korleis du loggar deg på årsmøtet.

Meir informasjon og sakspapir etterkvart på: neitileu.no/fylke/hordaland

Meir om det digitale fylkesårsmøtet

Årsmøtet vert det første digitale i historia! – og det skal me få til. Mange har alt erfaring med denne møteforma, for andre kan fylkesårsmøte vera første gongen ein prøver seg. Då kan det opplevast utfordrande, og det er absolutt forståeleg, men dette skal gå fint. Har du ein pc, eit nettbrett eller ein smarttelefon, vil du melda deg på via dette verktøyet. Du vil få ei lenke for pålogging, og vips så er du med i møtet. Me tenkjer at me skal ha ein generalprøve nokre få dagar før sjølv møtet, og om det då skulle oppstå vanskar, så løyser me dei! Me har alt utnemnd data-ansvarlege for

Dagsorden for årsmøtet (Det starter kl 1800 og varer seinast til 2100):

1. Opning
2. Konstituering av årsmøtet
 - Opprop
 - Godkjenning av innkalling og sakliste
 - Val av møteleiarar
 - Val av protokollfører
 - Val av to personar til å underskrive protokollen
3. Årsmelding 2020
4. Rekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2020
5. Arbeidsplan 2021 (fram til årsmøtet 2022)
6. Budsjett for 2021
7. Innkomne framlegg og årsmøte-fråsegner
8. Val
 - Val av nytt styre
 - Val av valkomité til neste årsmøte
9. Avslutning

møtet, og om me vil – og det trur eg at me vil – så får me hjelp og støtte frå sentralt hald.

Fylkesstyret arbeider med å førebu eit godt årsmøte, og me håpar at flest mogeleg vil delta. At det er digitalt, fører til at du kan vera med utan å reisa ut av heimen, slik sett vil det vera mogeleg å nå fleire. Når situasjonen er slik han er, gjer me det beste ut av den!

Me oppmodar deg til å vera med, og har du spørsmål er det berre å ta kontakt med oss.

Vel møtte til digitalt årsmøte 18. mars kl 18!

God avtale for Storbritannia etter Brexit!

Storbritannia viser vei ut av EØS

Ja-sida i Noreg dømer Storbritannias avtale med EU nord og ned, og det vert poengtert at EØS er og blir beste løysing for oss.

Argumentasjonen står seg ikkje i lengda. For den tek ikkje med i sitt reknestykke at britane no flyttar tilbake makt frå Brussel, altså nærare folket. Parlamentet har atter fått hand om all lovgjeving. Røystesetelen stig i politisk verdi. Det er langt frå Tromsø til Oslo, men lenger til Brussel, sa me i 1972 og 1994. Same tankegang dreiv fram utmeldinga frå EU. Britane kan no på godt og vondt forvalte «sitt pund».

Frihandelsavtalen er både akseptabel for næringslivet og gjev folkestyret betre fotfeste, ein god modell for Noreg som alternativ til EØS.

Men så vert det sagt at vesle Noreg ikkje kan oppnå ein slik avtale med EU. Sjø kor UK måtte streva! Det stemmer ikkje. Noreg har eit betre utgangspunkt i forhandlingar med EU enn det Boris

Johnsen hadde. Det er lettare å forlate EØS enn Unionen. Me har jordbruks- og fiskeripolitikken på plass. Og me dreg ikkje med oss eit nord-irsk problem som gjorde livet så surt for britane. Framfor alt, me har rettsleg ein handelsavtale med EU som klikkar inn når EØS fell bort. Den kan supplerast med avtalar på nye område.

Felles interesser med landa i det nord-europeiske området, diktert av geografi, blir avgjerande: Noreg er det landet svenskane eksporterer mest til. Me kjem og høgt opp på statistikken i andre land som ligg oss nær. Vår store rolle som olje- og gassseksporthar tenev som garanti for hyggelege samtaler. Om Brussel likevel skulle finne på å straffe Noreg vil også EU-land bli skadelidande. Men EU er ingen mastodont. Til sist var det slik fornuft som skaffa UK avtalen dei ville ha. Og som me kan få når folket, når det kjem til stykke, ikkje vil byta ut

folkestyre mot EUs «fridomar», slik me har gjort gjennom EØS.

John Dale

Fisk – et eksempel

Fisk er ikke en del av Norges EØS-avtale, og hvis vi eksporterer fisk og fiskeprodukter til EU må vi betale betale to prosent toll på rund og filetert laks og 14 til 18 prosent på bearbejdede produkter.

Men etter Brexit-avtalen betaler Storbritannia ikke toll hverken for rund fisk eller for fiskeprodukter som eksporteres til EU. De har altså fått en langt bedre avtale enn vi har.

Det er ganske utrolig at vi som er medlemmer av EØS ikke har en like god eller bedre avtale enn Storbritannia.

For Norge betyr det at det er vanskelig å bygge opp fiskeindustri. EU foretrekker å importere ubearbejdet fisk fra oss og bearbejde den sjøl.

Gunnar Rutle